



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 22.06.2022  
**Vår ref.:** 202210198-3 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 21/9592 - 22/45994

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon for bygging av ny bru, veg og parkering på gnr. 185 bnr. 35 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 15.06.2022. Saka gjeld søknad om etablering av veg, ny bru og parkeringsplass på gnr. 185 bnr.35. Søknaden omfattar dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag, jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplan. I oversendingsbrevet ber de NVE om fråsegn, og tilbakemelding på om tiltaket er søknadspliktig etter vassressurslova.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar og i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE si fråsegn**

Det er no søkt om å få bygge ei ny bru over bekken som renn vest for eigedomen. Dette er tilkomsten til gnr. 185 bnr. 35. I følgje søknaden skal ny bru få ein større lysopning enn i dag. Ut frå sakstilfanget forstår vi at bekken i dag er kanalisert. Samstundes har den for liten kapasitet. Terrenget på begge sider av bekkeløpet skal hevast. Det vert elles gjort greie for at det er naudsynt med tiltak for å sikre bygningane på eigedomen mot flaumfare. På eigedomen skal det byggast ein større parkeringsplass som grensar tett opp mot bekken både oppstraums og nedstraums brua.

NVE har stor forståing for trongen tiltakshavar har til å ha ein sikker og tilstrekkeleg dimensjonert tilkomst til eigedomen. Vi stør og opp om tiltakshavar sitt ynskje om å sikre eigedomen mot flaumfare.

Det er ikkje mogeleg å sjå av sakstilfanget om fagkyndige har gjort ei flaumberekning som ligg til grunn for kva kapasitet og utforming bru og sikringstiltak må ha. Vi meiner at eit



sikringstiltak må utformast med utgangspunkt i fagkyndige berekningar av dimensjonerande flaumstorleik. Når slike berekningar er gjort må fagkyndige prosjektere tiltaket på ein måte slik at det tek tilstrekkeleg omsyn til ålmenne interesser i vassdraget. Her nemner vi særleg omsynet til kantvegetasjon, jf. vassressurslova § 11, og sjøauren.

Prinsippet bør vere å auke breidda (dvs. lengre bru) som bekken har tilgang til ved flaum, i staden for ein høgare kanal. Parkeringsplassen bør difor trekkast bort frå bekken slik at den får større breidde, og at det vert plass til kantvegetasjon oppstraums og nedstraums brua.

### **Vurdering etter vassressurslova**

I oversendingsbrevet ber de oss om å avklare om tiltaket er søknadspliktig etter vassressurslova. I Statsforvaltaren si fråsegn står det at dersom NVE avgjer at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, sendast søknaden vidare til Statsforvaltaren eller Fylkeskommunen for handsaming etter lakse- og innlandsfiskelova og forskrift for fysiske tiltak i vassdrag.

NVE meiner at det planlagde tiltaket kan vere konsesjonspliktig etter vassressurslova. For tiltak som må ha løyve etter lakse- og innlandsfiskelova, kan NVE fastsette at det ikkje trengs konsesjon etter vassressurslova for å gjennomføre konsesjonspliktig tiltak, jf. vassressurslova § 20 bokstav a (samordning).

Omsynet til fisk har vesentleg vekt i denne saka. NVE meiner at tilhøva for fisk best kan takast vare på gjennom handsaming etter lakse- og innlandsfiskelova for dette tiltaket, og at det difor ikkje treng ytterlegare vurdering etter vassressurslova.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

Alver kommune

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

